



Reviderte utfyllande reglar for gradsstudium, gjeldande frå 1. januar 2025

Dokument i saka

- Universitetsstyresak 55/23: [Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen](#)
- [Sak 36/23 i Studiestyremøte 13. desember 2023](#)
- [Fakultetsstyresak 4/24](#) (frå side 74)
- [Sak 39/24 i Studiestyremøte 27.11.2024](#) (frå side 133)
- Vedlegg 1: Utkast til reviderte HF utfyllande reglar (med bakgrunnsforklaring)
- Vedlegg 2: Utkast til reviderte HF utfyllande reglar (reinskrevne versjon)

Bakgrunn for saka

Universitetsstyret vedtok i juni 2023 ny studieforskrift ved UiB, som skal gjelde frå januar 2024. UiB si forskrift er utgangspunkt for fakultetet sine utfyllande reglar til gradsstudium, og ei endring i forskrifta krev ein revisjon av fakultetet sine noverande utfyllande reglar.

I møte 13. desember 2023 anbefalte Studiestyret ein framdriftsplan for vidare arbeid med utfyllande reglar, som gjekk i to løp:

1. Oppdatering av dåverande utfyllande reglar med tilvising til ny forskrift
2. Ei administrativ arbeidsgruppe jobba vidare med revisjon av utfyllande reglar

Fakultetsstyret vedtok denne framgangsmåten i møte januar 2024. Forslaget til utfyllande reglar som føreligg i denne saka har ikkje vore ute på høyring på institutta, men følgjande reglar/område er tidlegare drøfta i Studiestyret eller sirkulert til einingane:

1. Andregangsinnlevering av masterprosjekt: drøfta i møte i Studiestyret 21.02.24, [sak 5/24](#)
2. Kontinuasjoneksamen: forslag sirkulert til alle programstyrer ved HF. Sjå innspel i vedlegg til Studiestyresak 39/24.

Diskusjon i Studiestyret 27. november 2024

Utkast til reviderte HF utfyllande reglar blei lagt fram for Studiestyret 27.11.24 ([sak 39/24](#)). Studiestyret blei bedt om å vere særleg merksame på følgjande:

1. Til § 3-2 Emnekodear

Studieseksjonen på fakultet vil, etter eit eventuelt vedtak, gå i gang med å oppdatere bacheloroppgåveemne ved HF slik at dei får «bachelorprosjekt/bacheloroppgåve» i emnetittelen. Dette vil skje i samråd studieadministrasjon og fagmiljø. Emne med bacheloroppgåve i tittelen vil få endra gjentaksregel for å tilpassast UiB si forskrift (eitt gjeldande forsøk på emnet) og emne som blir definert som semesteroppgåve vil ha vanleg gjentaksregel (tre forsøk).

Det var ingen kommentar frå Studiestyret til dette punktet.

2. Til § 8-4 Kontinuasjoneksamen

Studiestyret skulle, basert på utgreiing gjort blant programstyra ved HF, diskutere handtering av kontinuasjonseksamen ved HF frå 1. januar 2025. Sjå frå side 148 i [sakspapira til Studiestyret for utgreiinga](#).

Saka måtte av tidsomsyn utsetjast. Men sidan HF i dag har ein utfyllande regel som ivaretar



studentar som har rett på kontinuasjon, kan denne diskusjonen takast opp igjen våren 2025 med tanke på implementering frå hausten 2025. Saka vil bli lagt fram på nytt for både Studiestyret og Fakultetsstyret i løpet av våren 2025.

3. *Til § 9-8 Sensorane*

(2) Studiestyret tar stilling til reglar knytt til bruken av ekstern sensor på bacheloroppgåver.

Studiestyret ser ikkje behov for eigne reglar for HF når det gjeld bruk av ekstern sensor på bacheloroppgåva, og tilrår difor at kravet om ekstern sensor blir fjerna frå HF utfyllande reglar, i tråd med kravet som er stilt i Universitets- og høgskulelova. Det er fortsatt mogleg å bruke ekstern sensor dersom eit emne/institutt vil det.

4. *Til § 10-4 Samansetjing av mastergrad*

(3) Talet på sider på masteroppgåva er upresist, og arbeidsgruppa føreslår å endre regelen til å gjelde antal ord.

Studiestyret er einige i at antal ord er ei betre presisering på omfang enn sidetal. Studiestyret påpeikte og at vi har masteroppgåver på både 30 og 45 studiepoeng, som ikkje bør ha same krav til antal ord som 60 stp. For masteroppgåve på 30 eller 45 studiepoeng må antal ord stå i emneomtalen for kvart emne.

Andre kommentarar i Studiestyret:

Til § 6-1 Studieåret

(2)

Undervisning i eit emne går normalt gjennom heile semesteret. Studentar skal ha høve til å følge undervisning i fleire emne samstundes. Som hovudregel skal det vere undervisning i emna éin gong i studieåret, med mindre oppbygginga av studieprogrammet krev noko anna.

Arbeidsgruppa føreslo å fjerne denne regelen, fordi regelen ikkje er i tråd med røynda, sidan fleire emne ved HF har blokkundervisning. Studiestyret påpeikte at det er uheldig å ta vekk ein slik regel når vi samtidig skal ha meir samarbeid på tvers, til dømes i utforming av emnepakkar i samband med Studieporteføljeprojektet. Det er utfordrande å ha emne med og utan blokkundervisning i same emnepakke. Studiestyret vil behalde denne regelen enn så lenge.

Til § 10-3 Samansetjing av bachelorgrad

HF får nytt gradskrav ved innføring av Studieporteføljeprojektet, og det ble kommentert i etterkant av møtet at det må presiserast at breiddekomponenten i programma ikkje kan bli oppfylt med ex.phil. og det nye fellesemne i første semester. Dette er ei viktig presisering, og er tatt med i siste forslag til utfyllande regel.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar oppdaterte utfyllande reglar for gradsstudium ved HF med verknad frå 1. januar 2025.



Dokumentdato

02.12.2024

Arkivsaksnummer

2024/456

Møtedato

10.12.2024

Styresaksnummer

79/24

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Utfyllande reglar for gradsstudium ved Det humanistiske fakultet

Forklaring til dokumentet:

Rød tekst = ny tekst

~~Rød og gjennomstrekning~~ = fjerna tekst

Hovudinnhald

Innhaldet i desse utfyllande reglane gjeld mot to forskrifter ved UiB:

- 1) Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen
- 2) Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen

Begge er tilgjengeleg i regelsamlinga til UiB, og dei utfyllande reglane må sjåast i samanheng med desse forskriftene.

Til Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen

Til kapittel 3. Oppretting mv. av studieprogram, studieretningar og emne

Til § 3-2 Emnekodar

Emna som fyller krava til ~~eit sjølvstendig arbeid eitt eller fleire skriftlege arbeid~~ på minst 10 studiepoeng i bachelorgrada, jf. § 10 - 3 (1) b), skal vere nummerert med ein kode mellom 250 og 269, og må ha «bachelorprosjekt/bacheloroppgåve» i emnetittelen.

Bakgrunn for endringa

Forskrift om studium ved UiB inkluderer ein ny regel som regulerer gjentak for eit emne som er definert som bacheloroppgåve. Jf. § 8-1 (2) så kan bachelorprosjekt utan bestått resultat leverast på nytt berre éin gong. Bachelorprosjekt med bestått resultat kan ikkje leverast på nytt. Emne med rettleia semesteroppgåve som ikkje er definert som bacheloroppgåve følg den vanlege gjentakregelen, som er at studentar har tre eksamensforsøk i kvart emne, uavhengig av om emnet er bestått eller ikkje.

Ved HF er vi ikkje konsekvente om vi bruker termen «bacheloroppgåve» eller «semesteroppgåve» på emna som fyller gradskravet om sjølvstendig arbeid. Arbeidsgruppa føreslår å legge til ein setning på denne regelen, slik at det er lettare å skilje mellom emne som har bacheloroppgåve som vurderingsform og emne som har rettleia semesteroppgåve som vurderingsform. Studieseksjonen på fakultetet vil sende ut ei liste over alle emne som har semesteroppgåve som vurderingsform, og be fagmiljø ta stilling til om emnet fungerer som bacheloroppgåve eller ikkje.

Til kapittel 4. Studierett

Til 4-1 Opptak til studium

Til (1)

Programstudentar og årsstudiestudentar ved Universitetet i Bergen kan søke om overgang til bachelorprogram ved Det humanistiske fakultet innan dei gjeldande fristane. Søklarane må oppfylle eventuelle progresjonskrav på programmet dei søker opptak til, i tillegg til andre opptakskrav som er fastsett i studieplanen.

Til 4-2 Studierett

Til (2)

Studentar som har ein bachelor- eller mastergrad frå Det humanistiske fakultet kan søke innan den gjeldande fristen om å ta enkeltemne ved Universitetet i Bergen (poststudierett).

Studentar som har ein aktiv studierett ved ein anna høgare utdanningsinstitusjon i Norge kan søke innan dei gjeldande fristane om å få ta enkeltemne ved Det humanistiske fakultet (hospitering). Søkjarane må dokumentere at dei har studierett og at dei har betalt semesteravgifta til den aktuelle utdanningsinstitusjonen.

Til kapittel 5. Tilpassing av studia og fråvær

Til § 5 -1 Søkjad

Til (2)

Det vert ikkje innvilga utsett studiestart ved opptak til 2-årige masterprogram.

Til § 5-3 Pause frå studia

Til (1)

Hospitantar, årsstudiestudentar og poststudentar jf. § 4.2 (2) får ikkje innvilga pause frå studia, men kan søkje permisjon frå studia etter vilkåra i § 5-2. Studentar på 2-årige masterprogram kan ikkje søkje om pause frå studia, men kan søkje om permisjon frå studia etter vilkåra i § 5-2.

Til (3b)

Studentar på integrerte masterprogram kan få innvilga pause frå studia i samsvar med § 5.3 i 1.–6. semester. Studentar på integrerte masterprogram kan søkje om permisjon frå studia etter vilkåra i § 5-2 i 7.–10. semester.

Til § 5-6 Rettar ved gyldig fråvær

Til (1)

Retten til ny undervisningsaktivitet ved gyldig fråvær gjeld berre det inneverande undervisningssemesteret, og berre dersom det er praktisk mogeleg.

Til (2)

Studentar med gyldig fråvær som ønsker ei ny vurdering i det påfølgande semesteret i eit emne som ikkje har tidleg eksamen (midtsemestereksamen), må kontakte instituttet innan oppmeldingsfristen 1. februar / 1. september.

Til kapittel 6. Undersing

Til § 6-1 Studieåret

Til (2)

Undersing i eit emne går normalt gjennom heile semesteret. Studentar skal ha høve til å følge undersing i fleire emne samstundes. Som hovudregel skal det vere undersing i emna éin gong i studieåret, med mindre oppbygginga av studieprogrammet krev noko anna.

Til § 6-5 Tilgang til undervisning

Til (4)

Dersom det er avgrensa tilgang til undervisninga på eit emne skal rangeringsreglane for opptaket til undervisninga vere fastsett i emneomtalen innan dei gjeldande fristane for studieplanendringar.

Til (5c)

Det er ikkje høve til å gjenta rettleiing på masteroppgåveemne, unntatt ved innvilga nytt vurderingsforsøk, jf. § 8-1 (2)

Til § 6-6 Obligatorisk undervisningsaktivitet

Til (2)

Obligatoriske arbeidskrav skal vere gjennomførte etter fristar fastsette av institutta.

Til (3)

Det kan fastsettast i emneomtalen at det ikkje er mogeleg å få gjennomføre obligatorisk undervisningsaktivitet på nytt, dersom emnet er greidd frå før.

Til § 6-7 Særskilt om bachelor- og masteremne

Til (2a)

Alle masterstudentar skal inngå rettleiingskontrakt med instituttet, etter retningsliner fastsett av instituttet. Brot på kontrakten fører til tap av studieplass.

Rettleiingskontrakten fastset rammene for obligatorisk rettleiing på masteroppgåva. Normert studietid er fire semester på fulltid. Studentar kan søke om å få forlenga rettleiingskontrakten og studieretten på programmet i inntil to semester utover normert studietid. Samla maksimal studietid på masterprogrammet/studieretninga er såleis seks semester på fulltid.

Til kapittel 7. Eksamen

Til § 7-2 Form

Til (1)

Vurderingsformene i eit studieprogram skal variere.

Eit emne skal berre ha éi vurderingsordning. Det kan gjerast unntak for emne som høyrer til Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU).

~~Til (1)~~

~~Lengda på ein skriftleg skuleeksamen skal vere maksimum 6 timar for emne på 15 studiepoeng eller meir, og maksimum 4 timar for emne på 10 studiepoeng eller mindre.~~

Bakgrunn for endringa

Arbeidsgruppa føreslår å fjerne denne regelen, og tar gjerne i mot innspel på forslaget. Talet på timar på ein skuleeksamen treng ikkje stå i direkte forhold til størrelsen på emnet, slik denne regelen har regulert. Arbeidsmengda på emne må vurderast heilskapleg, og ikkje kun ut i frå omfanget på eksamen.

Til (1)

Lengda på heimeeksamensperioden skal vere maksimum 7 dagar. Dersom heimeeksamensperioden spenner over offentlege fridagar nemnt i § 5.1 (3), skal desse dagane ikkje reknast som del av eksamensperioden. **Søndagar er rekna som heilagdag, jf. Lov om helligdager og helligdagsfred.**

Bakgrunn for endringa

Arbeidsgruppa føreslår å behalde denne regelen, av praktiske årsaker. Ein heimeeksamen kan ikkje kollidere med andre eksamenar ein student har i same semester. Eksamenstida er kort, og det er tidvis vanskeleg å få til ei kollisjonsfri og god eksamenstid. Dersom fagmiljø har behov for ein eksamensperiode som varer utover 7 dagar, så vurderer arbeidsgruppa det slik at det då er mogleg å ta i bruk andre vurderingsformer som ikkje må kollisjonssikrast i lik grad som ein heimeeksamen (til dømes – oppgåve).

Arbeidsgruppa føreslår å ta inn i utfyllande reglar at søndag er definert som heilagdag i ei anna lov. I tidlegare forskrift ved UiB blei det ikkje gitt utsetjing for søndagar. Det blir det no, og dette må implementerast på HF. Ein tydeleg regel vurderer vi som hjelp i dette arbeidet.

Til (2)

Alle vurderingsdelane på eit emne må vere greidde i same semester, med mindre det står noko anna i emneomtalen.

Til § 7-3 Rett til eksamen

Til (3)

Adgang til vurdering for personar utan opptak (privatistar) vert ikkje innvilga på emne som har obligatoriske arbeidskrav, forkunnskapskrav eller særskilte krav til studierett.

Til § 7-4 Gjennomføring av eksamen

Til (1 c)

~~Dersom emneomtalen tillèt ordbøker på eksamen, tek studentane sjølve med ordbøkene til eksamenslokalet, kor dei vert kontrollert av faglærer.~~

Dersom emneomtalen tillèt ordbøker på eksamen, skal ordboka kontrollerast av faglærer/eksamensansvarleg før eksamen startar.

Til (3)

Faglærer/eksamensansvarleg skal vere tilgjengeleg for spørsmål som gjeld oppklaring av oppgåveteksten.

Til kapittel 8. Eksamensforsøk

Til § 8-1 Talet på forsøk

~~Til (2)~~

~~Kandidatar som stryk på masteroppgåva har høve til å levere masteroppgåve på nytt i same fag dersom oppgåva er heilt ny eller så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må~~

- ~~• presentere og gi svar på nye problemstillingar, og/eller~~
- ~~• trekke inn nytt empirisk materiale (kjelder/data), og/eller~~
- ~~• gjere ein radikalt endra analyse og tolking av empirien~~

~~I søknaden må studenten gjere greie for endringane han/ho planlegg å gjere i oppgåva. Forlenging av kontraksperiode vert ikkje innvilga ved andre levering. Instituttet avgjer søknadar om innlevering for andre gong.~~

Til (2)

Studentar som stryk på masteroppgåva får tilbod om følgjande rettleiing i arbeidet med andregangsinnlevering av masterprosjekt:

- 2) Studentar får ei skriftleg grunngeving frå sensorkommisjon
- 2) Student får tilbod om eit møte med rettleiar der ein går gjennom tilbakemeldingane gitt i grunngevinga

Studenten får tilbod om ei gjennomlesing med kommentar frå rettleiar på eit ferdig utkast til andregangsinnlevering av masteroppgåva

Bakgrunn for endringa:

Saka var drøfta i Studiestyret [21.02.24](#). Vi kan ikkje lenger krevje at studentar skriv ei heilt ny oppgåve dersom dei stryk på masteroppgåva, og at ein til ei andre innlevering leverer ein omfattande revisjon. Studentar som stryk kan i teorien levere inn akkurat det same arbeidet ved neste innleveringsfrist, men det er jo ikkje tilrådeleg å gjere. Forslag til ny regel er basert på drøftinga i Studiestyret, og det er klart at vi bør gi studentar som stryk på masteroppgåve noko hjelp/rettleiing i å ferdigstille oppgåva si. Dette bør vere likt på tvers av institutta.

Til (4b)

Dispensasjon frå regelen om tre eksamensforsøk på emne utan gyldig resultat vert normalt innvilga dersom

- emnet er obligatorisk i programmet
- emnet er siste emnet i ei spesialisering eller ein grad
- emnet er forkunnskapskrav for eitt eller fleire obligatoriske emne i graden
- søkjaren kan vise til andre særleg tungtvegande grunnar eller dokumentere omstende som hindra annullering av vurderingsmelding

Dispensasjon for å forbetre ein bestått karakter vert berre innvilga om søkjaren kan dokumentere nedsett arbeidskapasitet over lengre tid på grunn av eigen sjukdom eller sjukdom i nær familie.

Søknaden må vere levert innan oppmeldingsfristen 1. februar / 1. september.

Til § 8-4 Kontinuasjoneksamen

Som ein hovudregel har emna vurdering to gonger i året, i undervisningssemesteret og i semesteret etter. Eksamensdatoar skal vere tilgjengeleg i StudentWeb når oppmelding opnar for det aktuelle semesteret.

For å ta eksamen i eit undervisningsfritt semester må obligatoriske arbeidskrav vere godkjente og gyldige. I emneomtalen kan det verte fastsett at emne med vurderingsformene mappevurdering, rettleidd oppgåve, gruppevurdering, greidd på grunnlag av frammøte, og produksjonar ikkje har vurdering i dei undervisningsfrie semestera.

Kommentar:

Denne regelen står uendra i forslaget til reviderte reglar gjeldande frå 1. januar 2025. Bakgrunnen er at det ikkje var tilstrekkeleg tid til å diskutere punktet i Studiestyremøtet 27.11.24. Akkurat regelen om midtsemestereksamen og kontinuasjonseksamen ved HF blir tatt opp igjen våren 2025, og lagt fram for Studiestyret og fakultetsstyret med sikte på innføring frå hausten 2025.

Til kapittel 9. Sensur og vurderingsuttrykk

Til § 9-8 Sensorane

Til (2)

Skriftlege vurderingsformer med klagerett skal sensurerast av ein eller to sensorar, som kan vere interne eller eksterne.

Skriftlege vurderingsformer som ikkje gir klagerett, skal sensurerast av to sensorar. Sensorane kan vere interne og/eller eksterne.

Ved sensur av bacheloroppgåver skal det vere to sensorar. ~~Ein av desse skal vere ekstern.~~

Bakgrunn for endringa

I UiB forskrifta er det krav om to sensorar ved sensur av bacheloroppgåver. HF har hatt ein regel om at éin av desse skal være ekstern. Bakgrunnen for dette er at det tidlegare har vore eit krav i universitets- og høgskulelova om to sensorar (minst ein ekstern) ved munnleg eksamen. Ved HF har mange bacheloroppgåver justerande munnleg. Det har derfor vore formålstenleg å ha eit krav om bruk av ekstern sensor for alle bacheloroppgåver, sidan det sikrar likebehandling også i der tilfelle der det ikkje er ein justerande munnleg. Kravet om ekstern sensor ved munnleg eksamen er no tatt ut av universitets- og høgskulelova. HF har dermed høve til å vurdere på nytt om vi vil behalde denne regelen eller ikkje. **Det er derfor laga to alternative forslag som vi ber Studiestyret ta stilling til:**

Forslag 1: Ved sensur av bacheloroppgåver skal det vere to sensorar.

Dette er eit minimumskrav, sidan det følgjer av UiB forskrifta og universitets- og høgskuleloven. Vi foreslår likevel å behalde den i utfyllande reglar for å synleggjere kravet.

Forslag 2: Ved sensur av bacheloroppgåver skal det vere to sensorar. Ein av desse skal vere ekstern.

Vi beheld dagens regel. Med tanke på innstrammingane i reglane som regulerer gjentak av bacheloroppgåver (jf. UiB forskrifta § 8-1 (2)) så er det viktig at det er høg tillit til kvaliteten på sensurarbeidet. Det kan vere uheldig at reglane knytt til sensur av bacheloroppgåva blir letta på, samtidig som tilgangen til å ta ny eksamen blir innsnevra.

Diskusjon i Studiestyret 27.11.24

Studiestyret ser ikkje behov for eigne reglar for HF når det gjeld bruk av ekstern sensor på bacheloroppgåva, og tilrår at regelen blir fjerna. Regelen blir då lik den som er stilt i Universitets- og høgskulelova. Det er fortsatt mogleg å bruke ekstern sensor dersom eit emne/institutt vil det.

Til (2b)

Ved sensurering av masteroppgåver skal rettleiaren ikkje vere medlem av kommisjonen.

~~Til (4)~~

~~Ein ekstern sensor kan ikkje ha vore tilsett ved Universitetet i Bergen dei siste 12 månadane før han/ho vert brukt som ekstern sensor.~~

Bakgrunn for endringa

UiB si forskrift, § 9-8 (4) seier:

Som ekstern sensor etter andre avsnitt reknar ein den som ikkje er tilsett i hovud-eller bistilling ved UIB på sensurtidspunktet.

Arbeidsgruppa vurderer det slik at det ikkje er naudsynt for HF å ha ein strengare regel enn den sentrale forskrifta til UiB. Den noverande regelen med at ein ekstern sensor ikkje kan ha vore tilsett ved UiB dei siste 12 månadane blir føreslått sletta.

Til kapittel 10. Gradar

Til § 10-3 Samansetjing av bachelorgrad

Til (1)

I bachelorgradar ved Det humanistiske fakultet gjeld følgjande krav for innføringsemne: Graden skal innehalde minst eitt av innføringsemna EXFAC00AS / Akademisk skriving eller EXFAC00SK / Språkkunnskap. I tillegg gjeld eventuelle programspesifikke krav til innføringsemne omtalt i studieplanen til programmet. Innpassing av innføringsemne frå andre fakultet eller andre lærestader, vert vurdert individuelt. **Denne regelen gjeld for opptak til gradar ved Det humanistiske fakultet til og med haustsemesteret 2024.**

For opptak til bachelorgrader frå hausten 2025 gjeld følgjande krav til samansetjing av bachelorgrad ved Det humanistiske fakultet:

- **Emnet [namn] er obligatorisk i alle bachelorgrader ved Det humanistiske fakultet. I tillegg gjeld eventuelle programspesifikke krav til innføringsemne omtalt i studieplanen til programmet. Innpassing av innføringsemne frå andre fakultet eller andre lærestader, vert vurdert individuelt.**
- **Alle bachelorgrader ved HF skal innehalde minimum 30 studiepoeng med emne utanfor spesialiseringsfaget for studieprogrammet (breiddekomponent). Kravet om breiddekomponent kan ikkje bli oppfylt med ex.phil. og fellesemne i første semester.**

Bakgrunn for endringa

Hausten 2025 er første opptak på ny bachelorstruktur, etter endringar innført i

Studieporteføljeprojektet ved HF. Dei nye gradskrava er eit obligatorisk fellesemne i første semester, og ein «breiddekomponent» på 30 studiepoeng. Det vil vere behov for begge reglane i HF sine utfyllande reglar i ein god del år framover.

Til (3)

Masteroppgåva skal normalt ha eit omfang på 60 studiepoeng, ~~med eit samla sidetal på 70-110 sider.~~ Fakultetsstyret kan vedta at enkelte program kan ha mindre omfang på oppgåva, men ikkje mindre enn 30 studiepoeng. **Krav til antal ord er mellom 25 000 og 40 000 ord. For masteroppgåver på 30 og 45 studiepoeng kan talet på ord reduserast. Dette skal framgå av emneomtalen.**

Bakgrunn for endringa

Antall sider er upresist. Vi foreslår derfor å endre denne til antall ord. Konverteringen fra antall sider til antall ord har tatt utgangspunkt i skrifttypen Times New Roman, skriftstørrelse 12 og 1,5 linjeavstand, som gir ca. 360 ord per side.

I møte i Studiestyret blei det lagt til setningen: **For masteroppgåver på 30 og 45 studiepoeng kan talet på ord reduserast. Dette skal framgå av emneomtalen.** Dette for å imøtekome masteroppgåveemne på mindre enn 60 studiepoeng. Desse emna må oppdatere sine emneomtalar med antal ord.

Til (4)

Regelen om innføringsemne i integrerte mastergrader ved HF er under utfasing, og er ikkje gjeldande frå opptak gjort frå og med hausten 2024. For dei integrerte mastergradane MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO ved Det humanistiske fakultet gjeld følgjande krav for innføringsemne for kull med opptak til og med hausten 2023:~~Integrerte mastergradar ved Det humanistiske fakultet gjeld følgjande krav for innføringsemne:~~ Graden skal innehalde eitt av innføringsemna EXFAC00AS / Akademisk skriving eller EXFAC00SK / Språkkunnskap. I tillegg gjeld eventuelle programspesifikke krav til innføringsemne omtalt i studieplanen til programmet. Innpassing av innføringsemne frå andre fakultet eller andre lærestader, vert vurdert individuelt.

Bakgrunn for endringa

Den nye lektormodellen (som hadde første opptak hausten 2024) har ikkje lenger plass til emna EXFAC00AS eller EXFAC00SK, og regelen må fasast ut av HF sine utfyllande reglar. Det er lagt inn ei presisering om regelen gjeld for MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO fram til og med kull 2023. Denne regelen gjeld ikkje for MAHF-LÆHR, og har aldri gjort det. Dette er no oppdatert i regelen.

Til Forskrift om opptak ved Universitetet i Bergen

Til § 2-1 Generelle føresegner

Til (8)

Studentar som får opptak til eit masterprogram for andre gong, får studierettperioden justert ut frå samla maksimal studietid på masterprogrammet/studieretninga, jf. utfyllande reglar til § 6-7. Fakultetet kan avslå ein søknad om nytt opptak til eit masterprogram dersom studenten sine rettleiingsressursar er uttømte.

Utfyllende reglar for gradsstudium ved Det humanistiske fakultet

Dette er ein reinskreven versjon av forslag til nye utfyllende reglar for gradsstudium ved Det humanistiske fakultet, gjeldande frå 1. januar 2025.

Hovudinnhald

Innhaldet i desse utfyllende reglane gjeld mot to forskrifter ved UiB:

- 1) Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen
- 2) Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen

Begge er tilgjengeleg i regelsamlinga til UiB, og dei utfyllende reglane må sjåast i samanheng med desse forskriftene.

Til Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen

Til kapittel 3. Oppretting mv. av studieprogram, studieretningar og emne

Til § 3-2 Emnekode

Emna som fyller krava til eit sjølvstendig arbeid minst 10 studiepoeng i bachelorgrada, jf. § 10 - 3 (1) b), skal vere nummerert med ein kode mellom 250 og 269, og må ha «bachelorprosjekt/bacheloroppgåve» i emnetittelen.

Til kapittel 4. Studierett

Til 4-1 Opptak til studium

Til (1)

Programstudentar og årsstudiestudentar ved Universitetet i Bergen kan søke om overgang til bachelorprogram ved Det humanistiske fakultet innan dei gjeldande fristane. Søkjarane må oppfylle eventuelle progresjonskrav på programmet dei søker opptak til, i tillegg til andre opptakskrav som er fastsett i studieplanen.

Til 4-2 Studierett

Til (2)

Studentar som har ein bachelor- eller mastergrad frå Det humanistiske fakultet kan søke innan den gjeldande fristen om å ta enkeltemne ved Universitetet i Bergen (poststudierett).

Studentar som har ein aktiv studierett ved ein anna høgare utdanningsinstitusjon i Norge kan søke innan dei gjeldande fristane om å få ta enkeltemne ved Det humanistiske fakultet (hospitering). Søkjarane må dokumentere at dei har studierett og at dei har betalt semesteravgifta til den aktuelle utdanningsinstitusjonen.

Til kapittel 5. Tilpassing av studia og fråvær

Til § 5-1 Søknad

Til (2)

Det vert ikkje innvilga utsett studiestart ved opptak til 2-årige masterprogram.

Til § 5-3 Pause frå studia

Til (1)

Hospitantar, årsstudiestudentar og poststudentar jf. § 4.2 (2) får ikkje innvilga pause frå studia, men kan søkje permisjon frå studia etter vilkåra i § 5-2. Studentar på 2-årige masterprogram kan ikkje søkje om pause frå studia, men kan søkje om permisjon frå studia etter vilkåra i § 5-2.

Til (3b)

Studentar på integrerte masterprogram kan få innvilga pause frå studia i samsvar med § 5.3 i 1.-6. semester. Studentar på integrerte masterprogram kan søkje om permisjon frå studia etter vilkåra i § 5-2 i 7.-10. semester.

Til § 5-6 Rettar ved gyldig fråvær

Til (1)

Retten til ny undervisningsaktivitet ved gyldig fråvær gjeld berre det inneverande undervisningssemesteret, og berre dersom det er praktisk mogeleg.

Til (2)

Studentar med gyldig fråvær som ønsker ei ny vurdering i det påfølgande semesteret i eit emne som ikkje har tidleg eksamen (midtsemestereksamen), må kontakte instituttet innan oppmeldingsfristen 1. februar / 1. september.

Til kapittel 6. Undervisninga

Til § 6-1 Studieåret

Til (2)

Undervisning i eit emne går normalt gjennom heile semesteret. Studentar skal ha høve til å følge undervisning i fleire emne samstundes. Som hovudregel skal det vere undervisning i emna éin gong i studieåret, med mindre oppbygginga av studieprogrammet krev noko anna.

Til § 6-5 Tilgang til undervisning

Til (4)

Dersom det er avgrensa tilgang til undervisninga på eit emne skal rangeringsreglane for opptaket til undervisninga vere fastsett i emneomtalen innan dei gjeldande fristane for studieplanendingar.

Til (5c)

Det er ikkje høve til å gjenta rettleiing på masteroppgåveemne, unntatt ved innvilga nytt vurderingsforsøk, jf. § 8-1 (2)

Til § 6-6 Obligatorisk undervisningsaktivitet

Til (2)

Obligatoriske arbeidskrav skal vere gjennomførte etter fristar fastsette av institutta.

Til (3)

Det kan fastsettast i emneomtalen at det ikkje er mogeleg å få gjennomføre obligatorisk undervisningsaktivitet på nytt, dersom emnet er greidd frå før.

Til § 6-7 Særskilt om bachelor- og masteremne

Til (2a)

Alle masterstudentar skal inngå rettleiingskontrakt med instituttet, etter retningsliner fastsett av instituttet. Brot på kontrakten fører til tap av studieplass.

Rettleiingskontrakten fastset rammene for obligatorisk rettleiing på masteroppgåva. Normert studietid er fire semester på fulltid. Studentar kan søke om å få forlenga rettleiingskontrakten og studieretten på programmet i inntil to semester utover normert studietid. Samla maksimal studietid på masterprogrammet/studieretninga er såleis seks semester på fulltid.

Til kapittel 7. Eksamen

Til § 7-2 Form

Til (1)

Vurderingsformene i eit studieprogram skal variere.

Eit emne skal berre ha éi vurderingsordning. Det kan gjerast unntak for emne som høyrer til Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU).

Til (1)

Lengda på heimeeksamensperioden skal vere maksimum 7 dagar. Dersom heimeeksamensperioden spenner over offentlege fridagar nemnt i § 5.1 (3), skal desse dagane ikkje reknast som del av eksamensperioden. Søndagar er rekna som heilagdag, jf. Lov om helligdager og helligdagsfred.

Til (2)

Alle vurderingsdelane på eit emne må vere greidde i same semester, med mindre det står noko anna i emneomtalen.

Til § 7-3 Rett til eksamen

Til (3)

Adgang til vurdering for personar utan opptak (privatistar) vert ikkje innvilga på emne som har obligatoriske arbeidskrav, forkunnskapskrav eller særskilte krav til studierett.

Til § 7-4 Gjennomføring av eksamen

Til (1 c)

Dersom emneomtalen tillèt ordbøker på eksamen, tek studentane sjølve med ordbøkene til eksamenslokalet, kor dei vert kontrollert av faglærer/eksamensansvarleg.

Til (3)

Faglærer/eksamensansvarleg skal vere tilgjengeleg for spørsmål som gjeld oppklaring av oppgåveteksten.

Til kapittel 8. Eksamensforsøk

Til § 8-1 Talet på forsøk

Til (2)

Studentar som stryk på masteroppgåva får tilbod om følgjande rettleiing i arbeidet med andregangsinnlevering av masterprosjekt:

- 1) Studentar får ei skriftleg grunngeving frå sensorkommisjon
- 2) Studentar får tilbod om eit møte med rettleiar der ein går gjennom tilbakemeldingane gitt i grunngevinga

Studentar får tilbod om ei gjennomlesing med kommentar frå rettleiar på eit ferdig utkast til andregangsinnlevering av masteroppgåva

Til (4b)

Dispensasjon frå regelen om tre eksamensforsøk på emne utan gyldig resultat vert normalt innvilga dersom

- emnet er obligatorisk i programmet
- emnet er siste emnet i ei spesialisering eller ein grad
- emnet er forkunnskapskrav for eitt eller fleire obligatoriske emne i graden
- søkjaren kan vise til andre særleg tungtvegande grunnar eller dokumentere omstende som hindra annullering av vurderingsmelding

Dispensasjon for å forbetre ein bestått karakter vert berre innvilga om søkjaren kan dokumentere nedsett arbeidskapasitet over lengre tid på grunn av eigen sjukdom eller sjukdom i nær familie.

Søknaden må vere levert innan oppmeldingsfristen 1. februar / 1. september.

Til kapittel 9. Sensur og vurderingsuttrykk

Til § 9-8 Sensorane

Til (2)

Skriftlege vurderingsformer med klagerett skal sensurerast av ein eller to sensorar, som kan vere interne eller eksterne.

Skriftlege vurderingsformer som ikkje gir klagerett, skal sensurerast av to sensorar. Sensorane kan vere interne og/eller eksterne.

Ved sensur av bacheloroppgåver skal det vere to sensorar.

Til kapittel 10. Gradar

Til § 10-3 Samansetjing av bachelorgrad

Til (1)

I bachelorgradar ved Det humanistiske fakultet gjeld følgjande krav for innføringsemne: Graden skal innehalde minst eitt av innføringsemna EXFAC00AS / Akademisk skriving eller EXFAC00SK / Språkkunnskap. I tillegg gjeld eventuelle programspesifikke krav til innføringsemne omtalt i studieplanen til programmet. Innpassing av innføringsemne frå andre fakultet eller andre lærestader, vert vurdert individuelt. Denne regelen gjeld for opptak til grader ved Det humanistiske fakultet til og med haustsemesteret 2024.

For opptak til bachelorgrader frå hausten 2025 gjeld følgjande krav til samansetjing av bachelorgrad ved Det humanistiske fakultet:

- Emnet [namn] er obligatorisk i alle bachelorgrader ved Det humanistiske fakultet. I tillegg gjeld eventuelle programspesifikke krav til innføringsemne omtalt i studieplanen til programmet. Innpassing av innføringsemne frå andre fakultet eller andre lærestader, vert vurdert individuelt.
- Alle bachelorgrader ved HF skal innehalde minimum 30 studiepoeng med emne utanfor spesialiseringfaget for studieprogrammet (breiddekomponent). Kravet om breiddekomponent kan ikkje bli oppfylt med ex.phil. og fellesemne i første semester.

Til (3)

Masteroppgåva skal normalt ha eit omfang på 60 studiepoeng. Fakultetsstyret kan vedta at enkelte program kan ha mindre omfang på oppgåva, men ikkje mindre enn 30 studiepoeng. Krav til antal ord er mellom 25 000 og 40 000 ord. For masteroppgåver på 30 og 45 studiepoeng kan talet på ord reduserast. Dette skal framgå av emneomtalen.

Til (4)

Regelen om innføringsemne i integrerte mastergrader ved HF er under utfasing, og er ikkje gjeldande frå opptak gjort frå og med hausten 2024. For dei integrerte mastergradane MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO ved Det humanistiske fakultet gjeld følgjande krav for innføringsemne for kull med opptak til og med hausten 2023: Graden skal innehalde eitt av innføringsemna EXFAC00AS / Akademisk skriving eller EXFAC00SK / Språkkunnskap. I tillegg gjeld eventuelle programspesifikke

krav til innføringsemne omtalt i studieplanen til programmet. Innpassing av innføringsemne frå andre fakultet eller andre lærestader, vert vurdert individuelt.

Til Forskrift om opptak ved Universitetet i Bergen

Til § 2-1 Generelle føresegner

Til (8)

Studentar som får opptak til eit masterprogram for andre gong, får studierettperioden justert ut frå samla maksimal studietid på masterprogrammet/studieretninga, jf. utfyllande reglar til § 6-7. Fakultetet kan avslå ein søknad om nytt opptak til eit masterprogram dersom studenten sine rettleiingsressursar er uttømte.